Hareid kommune

Vår referanse: 19/4619 19/11190
Saksbehandlar: Birgitte Moltu
Dato: 11.10.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
88/19	Kommunestyret	24.10.2019

Forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureiningsregelverket for Hareid kommune

Samandrag:
Det følgjer av forureingsforskrifta at kommunen kan utøve myndigheit etter føresegnene i kapittel 1, 2, 12, 13, 15 og 15A. Dette inneber blant anna saksbehandling og kontroll/tilsyn med at føresegnene vert overholdt. Lokal forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn gir kommunen adgang til å krevje gebyr for dei tenestane som kommunen er lovpålagd å utføre etter forureingsregelverket. Utan ei lokal forskrift med tilhøyrande gebyrregulativ, kan ikkje kommunen krevje desse gebyra. Forskrifta gjeld område som Hareid kommune ikkje tidlegare har hatt anledning til å krevje inn gebyr for. Hareid kommune ynskjer på lik linje med mange andre kommuner i regionen å innføre denne forskrifta.

Kommunestyret 24.10.2019:

Behandling:
Hallvard Sæverud, KrF, kom med merknaden at saka ikkje har vore handsama i formannskapet.
Annika Brandal, Ventre, ba om at saka blei handsama i NMU og formannskapet når ho kom til politisk handsaming etter høyringa.
Tilrådinga frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

KST- 88/19 Vedtak:
Kommunestyret vedtek med dette å legge forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureingsregelverket for Hareid kommune på høyring. Høyringsfristen er 19. november 2019.

Rådmannen si tilråding:
Kommunestyret vedtek med dette å legge forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureingsregelverket for Hareid kommune på høyring. Høyringsfristen er 19. november 2019.

Vedlegg:
Gebyrregulativ etter forureiningslova

Saksopplysningar:
Heimelen for å fastsetje ei lokal forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureingsregelverket følgjer av lov om vern mot forureing og avfall (forureingslova) av 13. mars 1981 nr. 6 § 52a og forskrift om begrensning av forureining (forureiningsforskrifta) §§ 2-12 og 11-4. Det følgjer vidare av forureingslova § 52a at gebyra skal settast slik at dei samla ikkje overstig forureningsmynde sine kostnadar ved saksbehandliga eller kontrollordninga.

Forskrifta omfattar gebyr for saksbehandling og kontroll/tilsyn med:

- opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid
- utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande
- utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettgrender
- utslepp/påslepp av oljehaldig vatn
- påslepp av feitthaldig vatn
- tiltak for å motvirke fare for forureing frå nedgravne oljetankar.

For å kunne prioritere saksbehandling og tilsyn av desse lovpålagde myndigheitsoppgåvene er det viktig å innføre ei lokal forskrift for å finansiere arbeidet. Lokal forskrift om gebyr for saksbehandling, tilsyn og kontroll gir kommunen moglegheit til å ta gebyr for desse oppgåvene. Dette skaper ein forutsigbar struktur i kommunen og ei rettferdig belastning av kostnadar knytt til slike saker ved at utgiftene plasserast hjå forureinar. Gebyra skal dekke kommunens eksisterande kostnadar ved behandling av saker, samt nye tillatelsar, oppfølgjing av tillatelsar, kontroll og tilsyn. Det samsvarer også med hovudprinsippet i forureingsregelverket at det er forureinar som sjølv skal betale for dei kostnadane som forureinga medfører.

Alt arbeid med saksbehandling og kontroll/tilsyn må finansierast via gebyr då dette er eit eige sjølvkostområde.Kommunens kostnadar med å utføre tenestane vil difor dekkast inn ved gebyra som den enkelte betalar etter sjølvkostprinsippet, og vil ikkje finansierast av andre fagfelt.

Når det gjeld fastsetting av gebyra skal dei ikkje samla overstige forureingsmynde sine kostnadar ved saksbehandlinga eller kontrollordninga. Når det gjeld opprydding i forureina grunn ved grave- og byggearbeid vil det vere eit eingongsgebyr for saksbehandling. Denne gebyrsatsen kategoriserast etter anleggsstørrelsen. For utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande samt kommunalt avløpsvatn frå mindre tettgrender vil det vere eit gebyr per anlegg per år. For utslepp/påslepp av oljehaldig vatn vil det vere eit eingongsgebyr for saksbehandling av søknaden. Når det gjeld kommunens kostnadar med tilsyn og kontroll med påslepp av feitthaldig vatn vil det vere eit gebyr per anlegg per år. For tilsyn og kontroll med nedgravde oljetankar vil det vere eit gebyr per anlegg.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Hareid kommunestyre vedtek å legge forskrift om gebyr for saksbehandling, kontroll og tilsyn etter forureingsregelverket på høyring.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: ei god tilsyn/kontrollordning vil kunne hindre spreidning av forureing, noko som er svært positivt for folkehelsa.

Miljøkonsekvensar: ei god tilsyn/kontrollordning vil kunne hindre spreidning av forureining og føre til betre kontroll av utslepp/påslepp på det kommunale leidningsnettet.

Økonomiske konsekvensar: gebyra vil ikkje oversige kostnadane ved å utføre tenestane, men bidreg til at kommunen har anledning til å prioritere dette arbeidet.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ei god kontroll/tilsynsordning har positive beredskapsmessige konsekvensar.

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende.

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Christina Steffenssen
einingsleiar